



Arkivnr: 2017/1128-55
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		17.10.2017

Investeringsmidlar i opplæringssektoren

Samandrag

I samband med handsaminga av saka om disponering av investeringsmidlar i opplæringssektoren i april vart det stilt spørsmål om kva investeringar midlane skal dekke. Vidare vart det bede om at det vart gjort greie for kva for utstyr- og inventarinvesteringar som vert dekkja av byggeprosjektmidlar ved nybygg, ombygging og rehabilitering av skular.

I budsjettet for 2017 er det sett av 35 mill kr i investeringsmidlar (utstyrsmidlar) i opplæringssektoren. Budsjettposten investeringar (utstyrsmidlar) i opplæringssektoren skal dekke undervisningsutstyr, inventar, it-utstyr og planmidlar i Skulebruksplanen. I tidlegare år vart det sett opp fleire budsjettpostar i budsjettframlegget til fylkestinget, slik at det i budsjettet vart fatta vedtak om kor mykje ein skulle nytte til kvart av dei omtala områda. Totalt var budsjettet på om lag same nivå.

Ved nybygg og total rehabilitering av skular vil normalt utstyr og inventar vere dekt av byggeprosjettet.

Økonomi: Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve vedteke budsjett.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen verknader

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek saka til orientering

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.10.2017

Bakgrunn

I utval foropplæring og helse 19. april 2017 bad Emil Gadolin om svar på følgende spørsmål:

- «1. Hvilke investeringer som skal dekkes over de investeringsmidler som omh. i PS 30/17.
- 2: Hvilke utstys- og inventarinv. som normalt blir dekket av byggeprosjektmidler ved nybygg, ombygging og rehabilitering av vgs»

Dei siste åra har det vore sett av 35 mill kr til budsjettposten investeringar (utstyrsmidlar) i opplæringssektoren. I tillegg har det i samband med budsjetthandsaminga i fylkestinget ved fleire høve vorte gitt øyremarka løyvingar til innkjøp av større undervisningsutstyr t.d. CNC-fresemaskinar. Budsjettposten investeringar (utstyrsmidlar) i opplæringssektoren skal dekke undervisningsutstyr, inventar, it-utstyr og planmidlar i Skulebruksplanen. I tidlegare år vart det sett opp fleire budsjettpostar i budsjettframlegget til fylkestinget, slik at det i budsjettet vart fatta vedtak om kor mykje ein skulle nytte til kvart av dei omtala områda. Totalt var budsjettet på om lag same nivå.

Rekneskapsreglar

I tråd med kommunelova § 46 nr. 5 skal kommunane sine årsbudsjett vere inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel. Kommunal rekneskapsstandard (KRS) nr 4 gjev mellom anna opp kva kriterium som må vere oppfylt for at ei utgift kan bli klassifisert som investeringsutgift. Følgjande utgifter vert definert til å ha investeringsmessig karakter:

1. Anskaffing av eigedelar som er bestemt til *varig eige eller bruk*, og som er av *vesentleg verdi*.
2. Påkosting på eksisterande varige driftsmiddel, som er av varig og vesentleg verdi.

Som *varig* vert lagt til grunn at eigedelen må ha ei økonomisk levetid på minst tre (3) år. Med *vesentleg verdi* meiner ein anskaffingskost på minst kr 100.000.

Kvar enkelt eigedel skal som hovudregel vurderast for seg opp mot varigheits- og vesentlegheitskriteriet. Fellesanskaffingar kan likevel bli vurdert samla opp mot vesentlegheitskriteriet, dersom dei enkelte eigedelane som vert omfatta av fellesanskaffinga, inngår i eit samla system med same bruksformål.

Investeringsmidlar 2017 (utstyrsmidlar)

I fylkesutvalet 3.mai 2017 vart det vedteke følgjande fordeling av 39,25 millionar i investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren

Kategori	Sum
Skulebruksplanen - planmidlar	5,00 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,78 mill kr
Utstyrsmidlar fagskular	1,52 mill kr
IT og telefoni	10,70 mill kr
Utstyrsmidlar yrkesfag	4,25 mill kr
Totalt	39,25 mill kr

I løpet av mai/juni vart det delt ut i underkant av 36 mill av desse midlane, medan dei resterande midlane vart delt ut i september.

Planmidlane knytt til skulebruksplanen er disponert av eigedomsavdelinga, og midlane til IT og telefoni er disponert av IT-avdelinga sentralt, slik det er beskrive i sak PS 30/17. Utstyrsmidlane til fagskular er disponert av Fagskulestyret og går til delfinansiering av simulator og e-prosjekt som KD har tildelt utviklingsmidlar til.

Søknadene frå skulane knytt til utstyrsmidlar til vidaregåande skular (17,78 mill) og utstyrsmidlar til yrkesfag (4,25 mill), er grovsortert i sju ulike kategoriar;

Kategori	Søknadsbeløp	Beløp tildelt
Utstyr og inventar knytt til nybygg/rehabilitering	12,8 mill	6,2 mill
IT/telefoni lokalt på skulane	2,4 mill	0,2 mill
Bilar/bussar	4,6 mill	1,5 mill
Lokal infrastruktur	3,4 mill	0
Maskiner og utstyr til utdanningsprogramma	43,2 mill	12,4 mill
Møblar og inventar	14,5 mill	1,8 mill
Uteområde og lokal infrastruktur	5,8 mill	0
Totalt	86,7 mill	22,1 mill

Dei 6,2 mill som er tildelt til utstyr og inventar knytt til nybygg/rehabilitering, gjeld Bergen katedralskole (1,7 mill) og Odda vidaregåande skule (4,5 mill). Mykje av desse midlane vil gå til innkjøp av utstyr til utdanningsprogramma, samt diverse inventar, men ligg i ein eigen kategori fordi dei vert disponert i samarbeid med prosjektleiarane på eigedomsavdelinga.

Med dagens driftsbudsjett finn opplæringsavdelinga lite rom for innkjøp av inventar og utstyr innanfor desse rammene. Rekneskapsreglane seier dessutan at innkjøp over 100 000 kr, meint til varig eige eller bruk og som har levetid på meir enn tre år, skal dekkjast av investeringsmidlar. I 2017 har ikkje opplæringsavdelinga andre investeringsmidlar enn midlane omtalt i PS 30/17. Opplæringsavdelinga prøver i størst mogleg grad å prioritere desse midlane til maskiner og nytt utstyr, men på grunn av avgrensa driftsrammer og rekneskapsreglar finn avdelinga det naudsynt å prioritere nokre investeringar innanfor dei andre kategoriane óg.

Utstys- og inventarinvesteringar ved nybygg, ombygging og rehabilitering av skular:

Generelt kan ein seie at jo større og meir omfattande prosjektet er, jo større del av investeringane vert dekt over byggeprosjektet. Normalt skal alt inventar og utstyr til eit nybygg vere finansiert gjennom byggeprosjektet. Tabellen under syner type prosjekt, kva som vert finansiert av byggeprosjektet og kva som vert dekt av investeringsmidlane til skulane.

Type prosjekt	Byggeprosjektmidlar	Investeringsmidlane til skulane
Nybygg (Prosjekt der det ikkje er ein «gamal» skule som skal flytte inn i nye lokale.	Prosjektet skal ta høgde for alt inventar og utstyr. t.d. av-utstyr, møblar og utstyr til verkstader. Både fast og laust utstyr t.d. realfagsutstyr	Opplæring bør kunne bidra med mindre utstyr til verkstader og laboratorium samt anna spesialutstyr til undervisning, t.d. instrument til musikkundervisning
Total rehabilitering	Skular i denne kategorien har gjerne ein del inventar og utstyr som dei flyttar tilbake til skulen etter rehabiliteringa. Det vert gjort ein grundig gjennomgang av kva	Opplæring bør kunne bidra med noko inventar og utstyr til verkstader og laboratorium samt anna spesialutstyr til undervisning, t.d. instrument til musikkundervisning.

Type prosjekt	Byggeprosjektmidler	Investeringsmidlane til skulane
	<p>utstyr og inventar som bør nyttast og kva som må erstattast av nytt.</p> <p>I rehabiliteringsprosjekt som er godt planlagt, skal investeringar i inventar og utstyr dekkast på same måte som ved nybygg.</p>	<p>Opplæring må bidra i prosjekt som har kort tidshorisont og dårleg finansiering, t.d. prosjektet ved Bergen katedralskole.</p>
Skular som får tilbygg	<p>Her kan endra bruk av areal gjere at det vil vere behov for investering i utstyr til større delar av skulen, utover nybygd areal. Det vert gjort ein grundig gjennomgang av kva utstyr og inventar som bør nyttast, og kva som må erstattast av nytt. I tilbyggsprosjekt som er godt planlagt, skal investeringar i inventar og utstyr dekkast på same måte som ved nybygg.</p>	<p>Opplæring bør kunne bidra med utstyr til verkstader og laboratorium + anna spesialutstyr til undervisning, t.d. instrument til musikkundervisning.</p> <p>Opplæring må bidra i prosjekt som har kort tidshorisont og dårleg finansiering</p>
Skular som vert rehabilitert og får tilbygg	<p>Her kan endra bruk av areal gjere at det vil vere behov for investering i utstyr til større delar av skulen utover nybygd areal. Det vert gjort ein grundig gjennomgang av kva utstyr og inventar som bør nyttast og kva som må erstattast av nytt. I tilbyggsprosjekt som er godt planlagt, skal investeringar i inventar og utstyr dekkast på same måte som ved nybygg.</p>	<p>Opplæring bør kunne bidra med utstyr til verkstader og laboratorium + anna spesialutstyr til undervisning, t.d. instrument til musikkundervisning.</p> <p>Opplæring må bidra i prosjekt som har kort tidshorisont og dårleg finansiering.</p>
Skular som vert bygd om på grunn av endra bruk	<p>Her kan endra bruk av areal gjere at det vil vere behov for investering i utstyr til større delar av skulen, utover nybygd areal. Det vert gjort ein grundig gjennomgang av kva utstyr og inventar som bør nyttast og kva som må erstattast av nytt. I tilbyggsprosjekt som er godt planlagt, skal investeringar i inventar og utstyr dekkast på same måte som ved nybygg.</p>	<p>Opplæring bør kunne bidra med utstyr til verkstader og laboratorium + anna spesialutstyr til undervisning, t.d. instrument til musikkundervisning.</p> <p>Opplæring må bidra i prosjekt som har kort tidshorisont og dårleg finansiering, t.d. prosjektet ved Bergen katedralskole.</p>